

Fra: Peder Sjo Slettebø[peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 05.02.2019 11:41:49  
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: VS: Oppslag i Kvinnheringen

---

Innsynskrav.

Med helsing  
Peder Sjo Slettebø | Ordfører  
Mobil: +47 907 40 595

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Post  
**Sendt:** 26. juli 2017 10:42  
**Til:** Peder Sjo Slettebø <peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no>  
**Emne:** SV: Oppslag i Kvinnheringen

Hei Peder!

Viser til mail under, du sendte inn ei mailrekke, eg har no registrert den siste mailen frå Knut Førland av 24.07.2017 i ephorte.  
Er dette ok?

Med helsing  
Solbjørg Musland | Post / arkiv  
Tlf: 53 48 31 00  
[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)

*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Peder Sjo Slettebø  
**Sendt:** 24. juli 2017 20:52  
**Til:** Post  
**Emne:** VS: Oppslag i Kvinnheringen

---

**Fra:** Knut Førland [<mailto:knut@folgefonnsenteret.no>]  
**Sendt:** 24. juli 2017 19:08  
**Til:** 'Siri Klokkestuen' <[Siri.Klokkestuen@etne.kommune.no](mailto:Siri.Klokkestuen@etne.kommune.no)>  
**Kopi:** 'Jostein Bakke' <[jostein.bakke@uib.no](mailto:jostein.bakke@uib.no)>; 'Anne Gravdal' <[anne@nvim.no](mailto:anne@nvim.no)>; 'Kåre Grønsnes' <[kare.gronsnes@ullensvang.herad.no](mailto:kare.gronsnes@ullensvang.herad.no)>; 'Sigrid Brattabø Handegard' <[sigrha@jondal.kommune.no](mailto:sigrha@jondal.kommune.no)>; [roald.a.haug@odda.kommune.no](mailto:roald.a.haug@odda.kommune.no); 'Øystein Skaala' <[oystein.skaala@imr.no](mailto:oystein.skaala@imr.no)>; 'Ingemund Berge' <[Ingemund.Berge@etne.kommune.no](mailto:Ingemund.Berge@etne.kommune.no)>; 'Vivian Husa' <[vivian.husa@imr.no](mailto:vivian.husa@imr.no)>; 'Eystein Jansen' <[Eystein.Jansen@uib.no](mailto:Eystein.Jansen@uib.no)>; 'Ragnvald Joakimsen' <[ragnvald.joakimsen@jondal.kommune.no](mailto:ragnvald.joakimsen@jondal.kommune.no)>; 'Jon Larsgard' <[jon.larsgard@jondal.kommune.no](mailto:jon.larsgard@jondal.kommune.no)>; Øyvind Lernes <[lernes@knett.no](mailto:lernes@knett.no)>; 'Isak Reisæter' <[ireis@online.no](mailto:ireis@online.no)>; [elisabeth.wesenlund.hauge@odda.kommune.no](mailto:elisabeth.wesenlund.hauge@odda.kommune.no); Karen Løvfall Våge <[karen.lovfall.vaage@kvinnherad.kommune.no](mailto:karen.lovfall.vaage@kvinnherad.kommune.no)>; Peder Sjo Slettebø <[peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no](mailto:peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Oppslag i Kvinnheringen

Hei Siri,

Så vidt eg kan sjå er det Sissel Rogne som har skrive feil E-mailadresse på deg. Eg berre vidaresendte denne E-mailen. Ser også at revisor av ein eller annan grunn har fått kopi av den aktuelle E-mailen.

Det er utan tvil behov for eit styremøte og eg skal ta initiativ til eit møte snarast råd. Som eg har sagt tidlegare er det flott om Sissel Rogne blir med på dette møtet. Det er mogleg at også tidlegare styreleiar i Stiftinga Folgefonnsenteret (Marit Elisebet) bør delta, mellom anna for å avklara ting som er nemnt i vedlagte notat frå Havforskningsinstituttet datert 23. mai (sendt styret i forkant av styremøtet vårt 31. mai).

Det er elles eit nytt oppslag om saka på iLaks i dag der to sentrale stortingspolitikarar står fram: <http://ilaks.no/ap-heggo-om-hi-saken-et-grovt-overtramp/>

I forhold til uteståande med Kvinnherad kommune, så fekk vi ikkje til noko møte før ferien grunna ferieavvikling. Eg har hatt ein god gjennomgang med ordføraren i dag, og vi er samde om å ha eit møte med rådmannen straks han er tilbake frå ferie. Kan leggja til at eg også har vore i kontakt med Magne Øyre (Kvinnherad kommune sin prosjektleiar for Folgefonnsenteret), og han vil gjera nærare greie for den administrative handteringa av saka internt i Kvinnherad kommune. Elles har eg gått nøye gjennom alle møtebøker, og eg kan ikkje sjå at noko av det som er referert/uttalt frå mi side ikkje er i tråd med styrevedtak.

Ad. protokollen frå styremøtet vårt 15. juni så vart denne sendt ut av Karen Løvfall 10. juli. Eg skal senda ein kopi til deg i eigen E-mail.

Vi snakkast!

Mvh.  
Knut

Knut Førland  
Arbeidande styreleiar  
Mobile: +47 91 84 10 01  
E-mail: [knut.forland@liquiline.no](mailto:knut.forland@liquiline.no)



FOLGEFONNSENERET

### Stiftinga Folgefonnsenteret

Postboks 119  
N-5486 ROSENDAL

---

**Fra:** Siri Klokkestuen [<mailto:Siri.Klokkestuen@etne.kommune.no>]

**Sendt:** 21. juli 2017 13:37

**Til:** Knut Førland

**Kopi:** Jostein Bakke; Anne Gravdal; Kåre Grønsnes; Sigrd Brattabø Handegard; [roald.a.haug@odda.kommune.no](mailto:roald.a.haug@odda.kommune.no); Øystein Skaala; Ingemund Berge; Vivian Husa; Eystein Jansen; Ragnvald Joakimsen; Jon Larsgard; Øyvind Lernes; 'Isak Reisæter; [elisabeth.wesenlund.hauge@odda.kommune.no](mailto:elisabeth.wesenlund.hauge@odda.kommune.no); [eholstlarsen@deloitte.no](mailto:eholstlarsen@deloitte.no); Karen Løvfall Våge; Peder Sjo Slettebø

**Emne:** Re: Oppslag i Kvinnheringen

Hei!  
Situasjonen er underleg. Eg har i dag fått andre epostar som ikkje kom meg i hende grunna feilskrivning av mailadresse. Fint at det blei oppdaga. Det er slikt som skjer.

Til saka/sakene så ber eg om styremøte snarast. Eg ser at det kjem fram ytringar i pressa som eg ikkje kjenner att frå styremøta. Det framstår uryddig og det blir og sådd tvil om styret sine vedtak av medlemmer i styret. Eg trudde saka var konkludert i vårt styre.

Eg ynskjer at Sissel Rogne frå Havforskningsinstituttet er med, slik eg ser ho har bedt om. I tillegg vil eg at

styreleiar gjer greie for dialogen med Kvinnherad kommune om uteståande rekningar. Det bør vurderast om styret skal ha eit møte med Kvinnherad kommune.

Me er avhengig av ein god dialog med vertskommunen dersom me skal få til ei god drift og utvikling av Folgefonnsenteret.

Eg har tidlegare etterlyst referat frå 15. Juni. Dersom me har fått det, treng eg å få det oversendt på nytt.

Med ynskje om ein konstruktiv prosess vidare. God helg.

Helsing Siri Klokkestuen

Sendt fra min iPhone

Den 21. jul. 2017 kl. 09.38 skrev Knut Førland <[knut@folgefonnsenteret.no](mailto:knut@folgefonnsenteret.no)>:

Hei alle saman,

Ref. min E-mail i går kveld. Vedlagt oversendes som avtalt PDF av dagens oppslag om Folgefonnsenteret i Kvinnheringen.

Eg er veldig skuffa over Kvinnheringen sitt oppslag, og spesielt førstesida. Dette er å skyta spurv med kanoner, og heilt klart uheldig for Folgefonnsenteret. Det at Folgefonnsenteret her blir hengt ut er skivebom, og det mest alvorlege i oppslaget er at det blir påstått at kommunen frå administrativt hold har løyvd 2,7 millionar kroner til Stiftinga Folgefonnsenteret som eit ekstra lån utan politisk godkjenning. Dette er jo fullstendig feil. Det er diverre lite vi får gjort med saka no når den alt er komt på trykk, men heldigvis fekk eg høve til å kommentera påstandane og retta opp mistydingane som er ute og går. Basert på dette forstår eg ikkje kva redaksjonelle vurderingar som ligg til grunn for førstesideoppslaget i Kvinnheringen. Dette har eg alt formidla til ordføraren, og det vil eg også gjera til redaktøren i Kvinnheringen.

Mvh.

Knut

Knut Førland

Arbeidande styreleiar

Mobile: +47 91 84 10 01

E-mail: [knut.forland@liquiline.no](mailto:knut.forland@liquiline.no)



**Stiftinga Folgefonnsenteret**

Postboks 119

N-5486 ROSENDAL

<Førsteside Kvinnheringen 21.07.17.pdf>

<Folgefonnsenteret - Oppslag i Kvinnheringen 21.07.17.pdf>